



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
201112483-26

Vår ref
13/608-

Dato
16.12.2013

Fråsegn frå samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune om midlar til rassikring

Eg viser til brev frå samferdselsutvalet i Hordaland fylkeskommune dagsett 8.11.2013 der dykk ber om at det vert sett fortgang i arbeidet med ny trasé på E16 Bergen – Voss, og peikar på andre utfordringar i regionen.

Brannen 5. august 2013 i Gudvangatunnelen var ei skremmande hending som til alt hell ikkje leia til tap av menneskeliv. Regjeringa har i samband med nysalderinga av budsjettet 2013 foreslått å løyva 50 millionar kroner til Statens vegvesen sine kostnader med å utbetra skadane, båttilbod, auka ferjetilbod på rv 13 Dragsvik – Hella og kostnader til omdirigering.

Regjeringa har i tilleggsproposisjonen til statsbudsjettet 2014 prioritert tunneltryggleik høgt. I dei raudgrøne sitt forslag til statsbudsjettet 2014 blei det satt av om lag 600 millionar kroner til vedlikehald av og utbetringar og fornying av tunnelar. Regjeringa har i sitt tilleggsforslag auka midlane til vedlikehald av tunnelar med 300 millionar kroner, og har satt av ytterlegare 500 millionar kroner til fornying av riksvegnettet. Gjennom budsjettforliket i Stortinget blei dette redusert med til saman 250 millionar kroner. Auka i midlar til fornying vil i hovudsak bli nytta til å oppgradera tunnelar og til det mest kritiske forfallet på riksvegnettet for øvrig. Det vil i 2014 bli nytta om lag 80 millionar kroner til naudsynt vedlikehald av E16 Stavenestunnelen.

Regjeringa har store ambisjonar for infrastrukturen i Noreg. Nasjonal transportplan 2014-2023 skal meir enn følgjast opp. Auka aktivitet innan vegbygging vil krevja auka behov for midlar til planlegging. Regjeringa har difor i tilleggsproposisjonen til statsbudsjettet 2014 foreslått å løyva 141 millionar kroner til planlegging. Dette vil bidra til å framskynde planlegginga mellom anna av E16 Arna – Voss.

Dåverande samferdselsminister Magnhild Meltveit Kleppa ba i februar 2012 Vegdirektoratet om å leia arbeidet med å greia ut alternativ for å løysa transportutfordringane på strekninga Voss – Arna. Dette er eit arbeid eg registrer no er i avslutningsfasa. Når Statens vegvesen og Jernbaneverket har avslutta sitt arbeid med KVVU-en blir denne oversendt Samferdselsdepartementet med tilråding av konseptval. Samstundes blir den sendt på offentleg høyring. KVVU-en skal gjennomgå ekstern kvalitetssikring (KS1). KS1-rapporten vil òg gje ei tilråding om val av konsept. Samferdselsdepartementet sender på bakgrunn av desse prosessane ei tilråding til handsaming i regjeringa. Regjeringa vil avgjera om det skal bli planlagt vidare etter plan- og bygningslova, og kva for eit konsept som skal bli lagt til grunn. Mange partar vil ha ei meinig kring eit så omfattande arbeid. Eg vil oppmoda lokale kommunar og fylket til å gjera sitt for at arbeidet får ein god og fornuftig progresjon. Regjeringa er opptatt av tida som går til planlegging av vegprosjekt skal gå ned, men ser at dette er eit omfattande prosjekt som krev eit grundig arbeid.

Regjeringa har i løpet av kort tid auka løyvingane monaleg til riksvegformål, både gjennom Prop. 1 S Tillegg 1 (2013-2014) og Prop. 21 S (2013-2014) Endringar i statsbudsjettet 2013 under Samferdselsdepartementet. Løyvinga på post 31 Skredssikring riksvegar er historisk høg, men midlane er bundne opp i prosjekt som førre regjering allereie har starta. I Statens vegvesen sitt utkast til handlingsprogram 2014-2017 er det prioritert midlar til skredssikring på strekninga i 2016 og 2017. Handlingsprogrammet blir laga på bakgrunn av NTP med dei raudgrøne sine ambisjonar. Regjeringa vil kome tilbake til nye prioriteringar og ambisjonar i samband med nye budsjetttrundar.

Fylkesveg 7 i Hardanger er eit fylkeskommunalt ansvar. Eg har med glede registrert at kontrakten for arbeidet med tunnel bak Haukanesberget er signert, og håper at òg Lussandberget kan få anleggsstart til neste år. Dette er skredssikringsprosjekt som får statleg løyving over Statens vegvesen sitt budsjett. Regjeringa vil halde fram med denne ordninga, og vil trappe opp løyvinga i tråd med NTP 2014-2023.

Regjeringa er oppteken av at fylka òg skal vera i stand til å ruste opp vegnettet under sitt ansvarsområde, og har difor foreslått å vidareføra rentekompensasjonsordninga for transporttiltak i fylka, som den raudgrøne regjeringa ville avvikle for nye lånerammer. Samstundes har Regjeringa styrka fylkeskommunane sine frie inntekter på til saman 280 mill. kroner til opprusting og fornying av fylkesvegar. Dette er ei auke på nær 60 pst. samanlikna med dei raudgrøne sitt budsjettforslag, og er midlar som òg vil kome Hordaland fylke til gode.

Med helsing



Ketil Solvik-Olsen